



Sella i arbeid i ettermiddag (Foto: Ola Matti Mathisen)

Inspirert av det fine veret er påskeliljene som plar pryda bygda ved desse tider undervegs. Denne våren er ein ny blome-entusiast ansvarleg for utsetting og vedlikehald av påskeliljer og stemor i dei 17 urnene langs fylkesvegen mellom Rød og Børnes. Ho heiter Sella Hjørnevåg og heretter tillet vi å kalle henne Blome-Sella (72).

- Det passar bra så glad som du er i blomar, seier mannen Alf som også gjer ein viktig jobb for Uskedalen Utvikling. 77-åringen har teke ansvaret for rekneskapen, men han skal også hjelpe Sella med blomane,

Aslaug Lyse, som har vore ein utretteleg blome-sjef i mange år, ville ikkje meir og Sella sa ja straks då Janne Olsson spurde henne. Det er ingen liten jobb, særleg ikkje hvis det blir ein regnfattig sumar og Sella har ein inderleg bøn: Kom og hjelp meg med vatninga!

Sella håpar på væte frå oven i tilstrekkeleg mengd og så håpar ho at urnene får stå i fred og ikkje blir utsette for hærverk denne sommaren. Skrekkhendinga var då nokre av dei vart kasta i elva Blome-Sella får også ansvaret for bedet ved busshaldeplassen og blomane ved Gamleskulen som ser bra ut framfor sesongen. Også Ola Hauge steller med blomane ved Gamleskulen.

Av Ola Matti Mathisen